

VARHAUGBUEN

VM I FUNCTIONAL FITNESS
SIDE 6 - 7

BRT - VARHAUG BU
SIDE 22 - 23

HÅ HAGELAG - 50 ÅR
SIDE 26



HÅ EN NYNORSKKOMMUNE? SIDE 38- 39



SISTE VINTEREN 2022-23 VAR SKEISEISEN FØR JUL. (ÅRET FØR OMVEND).

Nokre glimt frå siste vinteren. Sundag 20.11.22 var det 10-15 born på isen. Dagen etterpå var isen så vidt sterk nok for vaksne. Men utpå ettermiddagen, då Øystein Bratland og Dag Varhaug, skyfla bort siv som stakk opp av isen, gjekk dei gjennom og vart blaute. Dei kom for nær einannan, og då var ikkje isen sterk nok. Heldigvis var berre vassdjupna 70-90 cm, så farleg var det ikkje.

- Når vassdjupna er for låg om sommaren, veks det for mykje siv opp frå botnen. Det er til ulempe for skeiseisen, og må bort, enten med ljàslått før det kjem frost, eller ved skraping oppå isen.

Både måndag 21.11 og tysdag 22. var det både born og vaksne som nytta isen, sjølv om det var litt mildver på tysdag.

Ny frostperiode var frå sundag 4.12.22 og heilt til 17.12, då ver-omslaget kom med pluss 5 grader og regn. Men dei siste fem dagane av denne frostperioden var det snø på isen og litt vind. Før det var det særst god skeiseis.

Frå restaureringa hausten 1998 og fram til i dag, har om lag 460 personar teke skeiseknappen i hurtigløp, og 10 born har dessutan teke bronsemerke i kunstløp. Vidare har svært mange, både store og små, hatt helsefremjande opplevingar i norsk natur.

Dugnadsgjengen frå 1998 har nå i 25 år medverka til god is i frostperiodar, og diverse ljàslått og opprydding. Dei fortentar STOR TAKK!



BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



FARGERIKE
Halvorsen



GRØDALANDSSKOGEN

Skogen har vore verdfull på mange måtar, både ved å binda CO₂, ved å produsera tømmer og ved, for flora og fauna, turgåing og orienteringsløp mm.

- Underteikna er med i ei lita turgruppe, som går tur på 3 km tre gonger i veka på mjuk skogsbotn. Dette er både gildt, og viktig for helsa vår -.

Skogen er nå hogstmoden. Ein del tre er daude, og det er ein del rot-velt. Like så er skogen så høg at friske tre på 25 m vert brekte ned med brot 3-4 m over bakken i sterk vind.

I vinter har difor Nærbo skogselskap, som ansvarleg eigar, starta hogst, restaurering av grøfter og ny-planting og gjødsling av ca 8 dekar på nordsida. Samtidig er det laga fin skogsveg med planting av bøketre på begge sider. I ny-plantinga er det og noko eik og andre lauvtre, men mest kystfuru. Litt sitkagran i nordre kanten og på sør, som vern mot vind. Litt buskfuru i vestre og austre kanten. Med dette prøver ein å få til skogsområde med varierte treslag, spennande og god for flora og fauna.

- Sjølv har eg best tru på sitkagran som skogstre i jærsk vindfult kystklima Sika er og ca 60% meir effektiv når det gjeld CO₂ binding enn t.d. norsk gran. Vesentleg er og restaurering av grøftene slik at trea kan utvikle djupe nok røter mot rot-velt.

Plantearbeidet i vår er gjort av elevar frå Tryggheim vgs, dugnad av medeigarane av skogselskapet og av andre folk, og med elevar frå Varhaug skule etter ynskje frå rektor Johan Omland og lærar Kristin Søyland.

Kristin har hatt den praktiske styringa av elevane, laga koseleg matpause i gapahuken (pølser og kaffi), samt delteke i sjølve plantingsarbeidet. Ove Tjensvoll og underteikna har vore til hjelp med organisering og leining av elevgrupper. Arbeidet er gjort i samråd med skogselskapet.

Jan Bredo Våland har ansvar for den praktiske delen av skogs-arbeidet for skogselskapet. Han er son av «skogreisingsgeneralen» Johannes og Agnes (født Lerbrekk). Alt som smågutt var Jan Bredo med faren på skogsarbeid, og er nå utrolig flink og entusiastisk. Han er ein av mine mange gilde og arbeidssame elevar frå Vinterlandbruksskulen på Jæren. - Jan Bredo har og lova at det er høve til arbeid for skuleborn både i haust og til vårs.

Denne våren var både Ove og eg til hjelp for Kristin og skuleborna nokre tysdagar. 5. klassane var utruleg flinke og positive sjølv om det var litt kaldt og regnfult. Tilsvarande opplegg var me med på for 7. klassane frå Varhaug skule førre vår.

Gildt at me pensjonistar, Ove og eg, framleis kan vera til nytte.

Til slutt vil eg nemna at skogen vart planta frå 1962 og utover, ca 230 dekar. Konegjeng frå Varhaug ved leining av Johanna Dubland, gjorde det meste av jobben. Me vonar at denne verdfulle skogen ikkje vert industriareal.

Helsing Eirik J. Varhaug



Velkommen til julegrantenning

01.12.23 kl 17.30

Ved rådhuset

Det blir gang rundt treet
og nissen kommer
på besøk!



Det vert grøt hos Skrettingen



HALLBASAREN 2023

3 desember kl 13.00

Jæren Sparebank Arena



BINGO, INNSATS FOR ANDRE

Me frå innsats for andre på Varhaug ungdomsskule som går i 9. og 10. klasse arrangerte bingo til inntekt for barnekreftforeininga. Me samla inn mange lokale sponsorar til premiane og arrangerte bingoen.

Vi ønsket å gjennomføre dette prosjektet fordi me ønskte å hjelpa pensjonistar og andre som kanskje ikkje har så mykje å gjera og laga noko gøy i kvardagen deira. Me gjorde dette også fordi me hadde lyst til å samla inn pengar til barnekreftforeininga fordi me synest at dette er ei god sak å støtta.

Bingoen gjekk over all forventning og me fekk inn totalt 6525 kr etter at alle utgifter var betalte. Det var veldig gøy og sjå kor mange som kom og var med, det vart god stemning og me håpar dei som kom fekk ein kjekk og sosial ettermiddag. Me fekk god hjelp til og gjennomføre dette av sponsorene våre som hjelte i form av premiar og varer til og selja i kiosken.

Jakob Lye Skretting



FRÅ REDAKSJONEN

Ja, så går det mot slutten av 2023 og. Kor i all verda vert åra av? Eg føle dei vert berre kortare og kortare. Eller kanskje det heng saman med at ein vert eldre og eldre?

Mykje gildt stoff denne gongen og. Takk for alle bidrag, som er med og gjer at me får skryt av bladet.

Dagen i dag, var heilt fantastisk; sol og vindstille. Vindmøllene på Høg Jæren stod heilt i ro, og det er ikkje ofte ein ser. Så får me heller tenka tilbake på denne flotte dagen når det igjen tek til med vind og regn, som vel er meir vanleg novemberver?

For meg begynner jula med advent, og eg tykkjer butikkane starter tidlegare og tidlegare for kvart år. Veit ikkje om det kanskje og har noko med alderen å gjera at eg føler det slik?? Me i Varhaugbuen må og starta ganske tidleg med det siste nummeret for 2023, for det skal ut i bygda før julegrana vert tent. Slik har tradisjonen vore i mange år.

Sidan dette er siste bladet i år, vil eg takka alle som har kome med stoff gjennom året, og ikkje minst alle som har støtta oss med annonsar.

Varhaugbuen ynskjer alle ei fin jul og eit godt nytt år.





VM I FUNCTIONAL FITNESS

Sikkert fleire enn meg, som lurar på kva slag sport dette er. I starten trudde eg det var slikt eg hadde sett på TV, om både kvinner og menn, der dei brune, lett-kledde og glinsande viser fram den muskuløse kroppen frå alle sider.

Det er nok mange og som lurar på kva i all verda dette har i Varhaugbuen å gjera?

Og svaret er ganske enkelt: Ronny Gudmestad, eller som eg seier; «Ronny på Pulsen».

Ronny Gudmestad, som har drive treningssenteret Pulsen på Varhaug sidan 2016, var nylig med på det norske landslaget i denne sporten under VM i Canada.

For å setja eit enkelt ord på Functional Fitness, som andre enn meg kan forstå, kan ein nok samanlikna det med 10-kamp i friidrett. Og her gjeld det både å ha styrke, god kroppskontroll og vera uthaldane gjennom mange og tunge øvingar.

Ronny har alltid likt å halda seg i form, men for 2 år sidan tok han til å trena spesifikt på dette som høyrer til F.F. Og samstundes sette han seg eit utruleg mål; VM i Functional Fitness i Canada i 2023!

Men før han kunne koma dit, måtte han kvalifisera seg under NM i Sandnes ei helg i september. Og her gjekk det skikkeleg gale under ei av øvingane på laurdag. Ronny skada venstre armen så mykje at ei sene i ein muskel vart avriven.



Der og då tenkte han at nå var 2 år med trening over. Dette var surt! Legane meinte nok helst at han burde berre stoppa der, men på sundag møtte han likevel opp. I grunnen hadde han eit mål om å gjennomføra 1 av dei 15 rundane dei måtte gjennom. Han tok det roleg i starten, og etter 4-5 rundar, var han i bresjen. Då var det berre å køyra på i dei øvingane som ikkje gjorde vondt. Det enda med siger i 2 øvingar og etter laurdagen gjekk han frå ein 6. plass til ein 2.plass. Hurra! Medalje i NM som igjen ga billett til VM!

Ikkje nok med at han fekk sølv under NM. Han fekk og prisen som «Årets sportsånd»!

Det var 30 atletar som var med frå Norge, i klassane Master og Ungdom. Under konkurransen i Canada var det 29 som deltok i Ronny sin klasse 40-44 - Master. (Ronny er 41).

Ronny fekk ein 7. plass i Canada. Dette er søren ikkje verst, med ein skada arm!

Men berre det å vera med og stilla med det norske flagget på brystet, er litt av ei bragd. Varhaugbuen gratulerer både med prisane under NM og 7. plassen i VM. Trur nok bygda vil seia som meg: «Hurra, hurra- Stå på vidare Ronny»!



Det er vel mest vanleg at dei under 20 set seg «høge og hårete mål» i ein eller annan idrett. Men når ein set seg slike mål når ein går mot 40, og når målet, så er det berre imponerende .

Eg kjenner berre Ronny frå Pulsen, som ein flink instruktør og roleg person. Men når han får til dette er det i alle fall sikkert at han både må ha stålkontroll på treninga si, og ikkje minst passa på mat og kviletid.

(Ronny har nå fått operert den skada armen, og er forsiktig i gang med lett trening).

Liv

BLI MEDLEM

- **Gratis kroppsanalyse når du melder deg inn for 12 måneder (18års aldersgrense).**
- **Tilbud om Pulsen start time.**
- **God kompetanse innen trening og kosthold.**
- **Kjekke ansatte og tilgang til å trene akkurat når det passer for deg!**
- **Bredt utvalg av varierte gruppetimer og godt utstyrt senter for egentrening.**
- **Åpent 24/7 med nøkkelkort.**
- **Functional Fitness (Crossfit).**



 @varhaugspulsen_ff



 @varhaugspulsen_treningssenter

HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er fortsatt på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845, fram til 7. desember. Oppstart for våren er planlagt til å verta torsdag 11. januar 2024.

Rogaland skulesjakkutvalg har arrangert hurtigsjakkturneringar på Madla bydelshus i Stavanger...

Og 29. oktober var det med to frå Hå skulesjakk i nybegynnerklassen. Ialt var det med 42 deltakarar, og Michael Richards vart nr 6, medan Noah Kulbat vart nr 15.

Samme Noah deltok også på Kretsmesterskapen for nybyggjere på Sola VSG 21. oktober og vart nr 14 av 36.

I KM for barn og unge i grupe 13-14 år deltok Nils Tore Espegren Aarsland der han representerte Jæren sjakkklubb og fekk ein fin 10. andeplass.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>



Photo by Damiano Lingauri on Unsplash

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spelar på onsdagar. Vi spelar i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

Oppstart til våren 2024 vert antakeleg 10. januar.

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 150 for skolesjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakkklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringar overalt.

I haustsemesteret har klubben ei åpen langsjakktturnering med foreløpig 16 deltakarar frå sør-Rogaland.

I KM for barn og unge vant David Mindestrømmen Simonsen fra Jæren sjakkklubb klasse 12-13 år, han vant alle spela..

Velkommen til klubben. Klubben har egen internett-side: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



GRÅTASSEN BARNEHAGE

Bur du på Varhaug og treng barnhageplass? Då er du velkommen til å søkja barnet ditt inn i Gråtassen barnehage!

Gråtassen barnehage var tidlegare ein del av Trekløveren barnehage, og heitte då Trekløveren barnehage avd. Pilevegen. I 2021 blei det bestemt at Trekløveren og Pilevegen skulle verta to sjølvstendige barnehagar, og slik blei Gråtassen barnehage til. Adressa vår er Pilevegen 5, og me er nærmaste nabo til barneskulen. Opningstida vår er 06.45 - 16.15.

Gråtassen er ein modulbarnehage og er bygd for 3 avdelingar. No har me ledige plassar, derfor er barna delt inn i to avdelingar; Stallen og Bingen. På Bingen går barna som er 1-3 år, mens på Stallen går dei som er 3-5 år.

I Gråtassen barnehage jobbar det ca. 12 stk og me har svært god pedagogdekning. Me er 6 barnehagelærarar, inkludert styrar, 4 barne- og ungdomsarbeidarar, 1 fagarbeidar og 1 lærling. Nokre av pedagogane er i permisjon, men kjem tilbake på nyåret.

For oss er det viktig at alle kjenner seg like mykje verd, og at barna skal bli sett, høyrte og anerkjent. Me ynskjer å skapa trygge rammer rundt barna, slik at dei kan leika, læra og utvikla seg. Det er viktig at barna trivst i barnehagen, og me prøver så langt det let seg gjera å tilrettelegga slik at dagen blir best mogleg for den enkelte.

Det er mange fordelar ved å gå i ein liten barnehage. Miljøet er lite, noko som betyr at både barn og vaksne blir godt kjent. Barna blir trygge på alle dei vaksne i barnehagen, noko som er svært positivt.

I barnehagen har me fokus på språk, leik og vennskap. Å ha fokus på språket betyr at me brukar språket aktivt og set ord på gjenstander og handlingar. Me les bøker og fortel eventyr/ forteljingar, gjerne med konkrete (f. eks dyr, mat og liknande). Dette er med på å utvikla både språket og språkforståelsen til barna. Å ha fokus på leiken betyr at dei vaksne er aktivt med i leiken, saman med barna. Det er med på å utvikla leikekomptansen til barna, i tillegg til at det er lettare å få alle barna inkludert i leiken.

Håpar dette høyrer interessant og spanande ut!

Søknadsfrist for nytt barnehageår er 1. mars 2024.

Helsing personalet i Gråtassen barnehage

SpareBank
SR-BANK 
Sammen får vi ting til å skje.



S I B Y G G
NORRØN GRUPPEN

BYGGESTART

- NYTT FRÅ MISJONSHUSET

No skjer det snart noko. Byggestart på prosjektet som har en totalkostnad på 5,7 millioner vil bli rett over nyttår, er det no bestemt. Dermed vil høsten sitt program gå som planlagt.

Noko ein bør merke seg allereie nå er at det blir konsert med Sveinung Hølmebakk torsdag 14. desember kl 1800. Du kan bestille billett ved å gå inn på nettet på www.sveinung.no

Årets siste herrekveld vet 8. desember,- og då er tradisjon at det vert servert god julemat. Det vert andakt og god drøs. Hugs påmelding til Normisjon på tlf 970 90 811 innan 4/12! Men altså: Ikkje for damer!!!!

For godt vaksne er det julemiddag. Det er «Vi over 60» som inviterer til middag den 17. desember. Sjå plakat uka før og meld deg på.

Og planen er også i år å «syngja jula inn». Det vert 17. desember kl 1800.

I desember vert det no juletefest 27. desember. Før har dette vore søndagskulen sin festdag, men no vert juletefesten arrangert av Sentrum menighet, og ikkje berre for born. Set av dagen du og,- og bli med på god gammeldags juletefest.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:
https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

En alliansebank i **eika**.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere. Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no



HOLMAVATN 35 ÅR

Det er trettifem år i år sidan Holmavatn ungdoms- og misjonssenter på Ueland vart teke i bruk og innvia.

Meiningane om prosjektet var mange og delte på 1980-talet. Men Holmavatn kom, og har prova at staden har livets rett. Utanom Misjonssambandet sine egne samlingar vert staden blir ofte nytta til festlege samkomer både innan familiar og organisasjonar. Også bedrifter og ulike verksemdar legg sine kurs og samlingar hit. Holmavatn har høgt aktivitetssnivå! I midten av oktober gjekk den årvisse basaren av stabelen, med mykje folk, hovudtrekning, åresal, andakt, song, kaffe og kringle og godt drøs.

Alt i 1980 og 1981 var ideen framme. Det vart skipa til kunstutstilling, gjeve ut Holmavatn-avis og kassett, det var auksjonar og lotteri. I 1985 starta byggjearbeidet. Påske 1988 vart staden teken i bruk, og innvia 19. juni same året. Den gongen var det om lag 250 bilar til stades, og ein telde om lag 800 fram-møtte.

Bygningane vert stadig vekk fornya, og tenarane skiftar, både tilsette og frivillige. Lenge har det vore ein mannegjeng som har arbeidd dugnad ein dag i veka med både oppusing, reparasjonar, ved og mykje anna.

Paul Odland

DET VERT JULEMUSIKK MED LINUS I ÅR OG



Heilt sidan 2011, har Linus hatt ei musikkstund på Spar på julaften. Men sidan julaften i år kjem på ein sundag, vil Linus spela på laurdag 23. desember kl 15.00 i 2. etasje i Stuelandbygget.. Dette ser me fram til. Eg trur eg har vore på den mini-konserten kvart år, og det er då jula verkeleg tek til for meg.

Liv

I 2019 fekk Linus hjelp av storesøster Maria.



NY ORDFØRRAR!

Det er alltid spanande når det er kommuneval. Kven vert ordførar? Nå har eg og Varhaugbuen vore van med å ta kontakt med Jonas, når det var noko eg ville vita eller klaga over. Men nå var den tida over.

Me fekk ein ny ordførar - frå same parti som Jonas, men heilt ukjent for meg, og han måtte jo Varhaugbuen ta ein drøs med.

Andreas Bjorland vaks opp på ein liten gard på Nærbø, saman med 3 søsken. Då han gjekk på skulen var planen og utvida og driva garden vidare. Han utdanna seg difor til agronom på jordbrukskulen i Lyngdal

Etter det, fekk han si første arbeidserfaring hos TS'n, der han arbeide i 4 år. Dette var ein god arbeidsplass. I tillegg til alt arbeidet elles her, så lærde han seg arbeidsmoral.

Men så var det den bondedraumen då? Det vart til at han bygde grishus på garden, og dreiv med dette pluss ein leigegard med mjølkeproduksjon i 5 år.

Utruleg kva han fekk til på desse 9 åra. Han gifte seg som 19-ring og fekk den første jenta som 20-åring. Så kom det ei jente til to år etter, og etter to nye år kom tvillingane, dei og jenter.

Då hans eigne ungar var kome i 11 års alderen, vart familien beredskapsheim. Dette står det stor respekt av. Her opnar familien Bjorheim heimen sin for barn – frå spedbarn og oppover – som treng ein ny heim, av ulike grunnar. Andreas fortel at dei opp gjennom åra har hatt 10 forskjellige barn buande hos seg i kort eller lengre tid. Og den siste, som nå er 6 år, reknar han med vil verta buande fast. Å ta på seg ein slik jobb, krev mykje både på det fysiske og psykiske planet. Andreas seier at dette hadde dei ikkje klart utan den gode kona frå Randaberg, og hjelpa dei fekk frå ungane. Kanskje har utdanninga til kona som omsorgsarbeidar, og hatt noko å seie her.

Dei siste 13 åra han Andreas vore tilsett på Åna fengsel og i tillegg skaffa seg fagbrev som anleggsgartnerar.

Kor kjem så det politiske engasjementet opp i alt dette. Skulle ikkje tru det hadde vore tid til så mykje meir enn familien?

Andreas fortel at han vaks opp med politikk. Faren var med i styre og stell, så det vart alltid god



diskusjon rundt middagsbordet. Og her var dei innom både sentrale, og ikkje minst ting som skjedde i eigen kommune.

Eg lurde på om han hadde vore medlem i noko politisk ungdomsparti, men her var svaret nei. Han hadde vore elevrådsleiar då han gjekk på jordbruksskulen, om det kunne ha noko å seia?

Etter ei tid fekk han spørsmål om å vera med i noko politisk arbeid, og så hadde det berre balla på seg etter kvart. Og nå sit han her som ordførar! Det må vel seiest å ha kome i mål på rekordfart?

Andreas er berre 42 år, men han har med ei ballast både frå arbeidsliv og familie, som nok kan vera til god hjelp i det politiske arbeidet og.

Når ein ser det han har gjort tidlegare, så er det ikkje tvil om at Andreas har stor arbeidskapasitet. Eg lure på om han har ein hobby han slappar av med? Han liker godt å symja, men det som ryddar best opp i alt som sviv i hovudet, er ein god joggetur langs Kongevegen.

Varhaugbuen takkar for drøset, og ynskjer han lukke til i arbeidet som ordførar i Hå dei neste 4 åra.

Det første eg gjorde, då eg kom inn på kontoret til ordføraren, var å visa han eit bilde eg nett hadde teke på parkeringsplassen ved kyrkjegarden på Varhaug, der det berre var i håll i håll (sorpehåll). Dette lova han å ordna opp i. Dette var tysdag ettermiddag, og i dag laurdag, var eg nedom kyrkjegarden. Og der var det ordna opp, så flott! Nå var parkeringsplassen fint grusa opp. Eg sende mail til ordføraren, med ein STOR takk, då eg kom heim.

Liv



Juleverksted søndag 9. desember.

AKTIVITETER FOR BARN.
GRØT OG JULEKOS.
ALT ER GRATIS.

STED: GAMLE HANDELSLAGSTOMTA
KL. 12.00-15.00.

VELKOMMEN TIL
JUL I BYGDA

Jul i misjonskirka søndag 17. desember

JULEGUDSTJENESTE KL. 11.00
JULEGUDSTJENESTE KL. 13.00

STED: LENSMAANSLØA

 Varhaug misjonskirke

MITT LIV SOM COWBOY



Alle har vel fått med seg at det nå er kome ei ny bok om Arvid Mæland: «Mitt liv som cowboy».

Denne var han på Spar, Varhaug nyleg, og selde og signerte. Og her gjekk bøkene unna. Når Arvid kjem til Varhaug, vert det mest som å koma heim. Det var nemleg her han som 16 åring forpakta ein gard på Varhaug, like ved den gamle kyrkjegarden. Og difor var det mange kjente som var innom butikken, både for handla, helsa på Arvid, kjøpa boka eller berre ta ein kaffikopp saman med han. Eg kjøpte og boka og fekk denne helsinga frå Arvid: «Takk for alt du jære for bygda».

Liv

VARHAUG BKV. - ÅRSMØTE



Torsdag 28. september på fårikåls dag var det årsmøte i Varhaug Bygdekvinnelag.

Vi fekk besøk av Helene og Ann Helen frå Varhaug idrettslag som fortalte om podcasten På jabnå dei laga.

Etter servering og bespisning av fårikål, følgde vanlige årsmøtesaker.

Nytt styre for 2023/2024

Leiar: Astrid Skretting

Nestleiar: Bjørg Judit H Åmodt

Sekretær: Margunn Skretting

Kasserar: Siri Skretting

Styremedlem: Aud Elise Gudmestad

Styremedlem: Gro Ånestad Bratland

1 varamedlem: Linda Viste Bø

2 varamedlem: Ingrid Reiestad

3 varamedlem: Juliann Årdal Nesvik

Revisor: Kari Aase

Revisor: Inger Haugstad

Valgkomité: Gjertrud Edith Hobberstad, Aud Håland.

Vi vil ønske nye medlemmer i styret velkomne og ein stor takk til dei som trer av.

Nå ser vi frem til eit nytt og spennende år.

Astrid



VARHAUG BYGDEKVINNELAG - BASAR



31. august gjekk den årlige basaren av stablen. Mange fine gevinster frå bedrifter i nærområdet.

Agnes og Sølvi Elin stod for sang og musikk. Marie Bergsholm Brunnes var på besøk og fortalte om Rogalandsgarden i Kamerun.

På menyen stod det pizza. Det smakte godt. Ëin gild og spennande kveld.

Astrid



KOM I JULESTEMNING I LENSMAANNSLØA!

Him te jul med Vidar Johnsen

For åttende året på rad reiser tidenes VAMP vokalist Vidar Johnsen ut på sin juleturné «Him te jul» og i år tar han endelig turen innom Lensmannsløa for å skape julemagi. Hans varme og inderlige tolkninger av de vakreste julesangskattene vi har, har for lengst satt spor i den norske folkesjelen landet over.

Him te jul med Vidar Johnsen. Ekte og ærlig, rett fra hjerte til en av våre aller største stemmer og tekstformidlere. Sett og hørt av mer en 70 000 julesjeler

Kun 150 billetter og mange har allerede bestilt. Det vil bli salg av drikke med og uten alkohol.



INTERNASJONALT I SLAKTER-KAFE'N

Ein torsdag eg sat med komlå, kom det inn eit frامand par i kafe'n, og såg seg litt spørjande rundt. «De må kom inn i butikken å bestilla det de vill ha», sa eg. Ein augeblink etter kom dei inn igjen med noko på tallerken, og desse orda: «Dei sa me måtte berre finna oss til rette, og at me fann bestikk i skuffa». Då eg var ferdig med komlå, og dei med sin mat, måtte eg jo snakka litt med dei. Alltid gildt å treffa nye folk, der me kan drøsa om laust og fast. Mannen, Andre Meling, var fotograf og frå Stavanger. Han hadde visstnok aldri vore på Varhaug før. (Alle veit me jo kor jysla langt det er frå Stavanger og hit). Meling skulle til Nærbø og treffa fotograf Sviland, og så hadde dei teke turen om Varhaug. Dama heitte Bina Lydsdottir, og var frå Island. Dette tykte eg var

spennande, så eg fortalde om mitt forhold til Island. Men det løgnaste av alt var at dei budde på Nedre Stokka - der skuleveninna mi frå Bryne - budde i mange år. Og Meling kjente godt både henne og ungane. - Ja, verda er ikkje mykje stor!

Eg måtte og drøsa litt med ein mann som sat ved eit anna bord; Maik Ringer frå Tyskland. Men han har budd og arbeidt på Lerbrekk sidan 2007, så eg har jo mest vore nabo med han. Og etter så lang tid her, var det heller ingen språkproblem.

Og ved det tredje bordet sat to frå Nærbø og kosa seg med komle. Dei andre eg snakka med, hadde noko anna til lunsj. Liv

REFLEKS - REFLEKS - REFLEKS

Nå er det viktig med refleks og lys på sykkelen.

OBS – OBS – de som fær rundt med el.sparkesykkel i mørket. Ha nok refleks på dykk, for de kjem som ein vind over fotgjengarfeltet. Eg har vorte skræmd meir enn ein gong av svartkledde folk på desse syklane.

LYS - LYS - LYS - LYS - LYS - LYS



OPERASJON DAGSVERK

Operasjon Dagsverk er ein årleg solidaritetsaksjon arrangert av og med ungdom. Sidan starten i 1964, har skule-elevar i heile Norge gitt ein dag av si utdanning, slik at ungdom i andre deler av verda skal få tilgang på utdanning, slik dei sjølv får. Det er ein veiledane minstepris for elevar i ungdomsskulen på kr. 350. Men om ein elev har hatt ein jobb der han ikkje har tent nok til minstegravet, vert dagsverket likevel godkjent. For OD er det viktigaste at alle ynskjer å vera med og gjera noko positivt på OD-dagen.

Eg møtte desse blide jentene, som hadde vore heldige og fått plass på Spar: Olaug Håland (dotter til Marie og Ivar og barnebarnet til Grete og Jonas). Liv Auestad (dotter til Helene og Trygve, og barnebarnet til Marit og Kristian) - sikkert litt rart for henne å vera i besteforeldra sin butikk. Liv



President Per Henry Runde (t.v.) og klubbmester Ilias Kjerstad i Lions Club Hå gjentar suksessen fra i fjor. Foto: Privat

SKAL HJELPE VANSKELIGSTILTE TIL JUL: - HÅPER IKKE DET BLIR EN TRADISJON

For første gang, har Lions i år gitt ut ein kalender i A4 format med lokale bilde frå Hå. Dei håper at salet av denne, vil gje laget ei ekstra inntekt, slik at dei får meir til å dela ut til andre.

Som vanleg, vil dei selja julenek i månadsskiftet november/desember.

Som i fjor har dei og i år eit godt samarbeid med Hjerter for Hå og Rema 1000, slik at vanskeligstilte familiar i Hå, spesielt barn, skal få ei hyggeleg jul. I fjor støtta dei 33 av 56 familiar med julemiddagar. Og håpet er at i år kan dei hjelpe endå fleire, for behovet er stort.



Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløa

Styre :

Leiar:

Terje Vik - Bedriftsforeninga

Nestleiar

Gaute Ødemotland - Bondelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem

Sondre Malmin -
Bygdeungdomslaget

1. vara

Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara

Anne Mette Tunheim -
Vennelaget for Lennsmannsløa



BOBLELUNSJ I LENNSMANNSLØA

Lørdag 21. oktober blei det arrangert Boblelunsj i Lennsmannsløa for fyrste gong, og det blir nok ikkje den siste! Det var fullt hus og vel så det. Og viss du er ein av dei som ikkje har høyrte om boblelunsj, så er et altså ein lunsj med bobler til - altså «kvidvin mæ fræs», som oss Varhaugsbuarar fort kunne sagt på godt jærsk.

Varhaug er jo ein liten plass der det kanskje ikkje skjer så mykje, så me valde å gjere denne lunsjen litt større enn berre lunsj med bobler attåt. Me ynskte å la boblene få litt ekstra plass, og så visste me at me har ein sambygding som kan dette med vin. Så heldigvis takka Åsbjørn Ueland ja til å kome og også snakke om dei tre ulike typane bobler me skulle smake. Han fortalde om alt ifrå korleis dei vert laga, kor, kva mat som passar til, og til og med kva type glas som gjer best smaksoppleving. Takk for eit lærerikt innslag, Åsbjørn! Nå er det sikkert fleire som finn fram att, eller kjøper tulipan-forma glas for å få den beste smaken frå boblene.

I tillegg til lærdom om bobler hadde Fix It Frisør mannekengoppvisning. (Og ja - dei sel klede i tillegg til å klyppe, så det er bare til å stikke innom om du vil oppgradere garderoben!) Dei kom så fonge, blide og fine, viste oss siste nytt, og det var også mogleg å både prøve og shoppe frå det dei hadde med seg. Tusen takk også til Fix-it jentene som var så serviceinnstilte og stilte opp!

Drøsen gjekk godt, lunsjen smakte fortreffeleg (takka væra dei gode damene Anne Madland, Marion Reiersen Varhaug og Helene Auestad), og mat og drikke vart servert av dei blidaste dugnadsservitørane.

Tilbakemeldinga var at dette må me gjere fleire gonger, og det vil me garantert gjere- i same eller ny form. :o) Så bare gled dykk til neste gong - det gjer i alle fall me! (Bare hugs å vere tidleg ute med å bestille billett om du vil sikre deg plass - det kan fort verte utselt. ;o)

Komittêen for Kultur i Løa.



KAPTEINEN TIL VARHAUG IL



17. oktober fikk vi besøk av Tv profilen John Hammersmark, bedre kjent som «Kapteinen» i Kompani Lauritzen.

Han holdt først ett foredrag for over 100 av våre sponsorer på Hotell Jæren, deretter deltok han som gjest i vår egen podcast «PåJabnå» før han tok turen til Varhaug Idrettslag. Her fikk han en god omvisning av Jan Christian på vårt flotte anlegg, tok seg en treningsøkt på Iden treningssenter og holdt til slutt foredrag for ca 250 stk i Jæren Sparebank Arena.

En mann med mye kunnskap og erfaring fra hvordan lede seg selv og andre. Vi som lyttere fikk en rekke gode historier, nyttige verktøy og viktige refleksjoner med oss knyttet til vår stressrespons, vår overlevelsesstrategi og hvordan den fungerer i 2023, utfordre komfortsonen og hva vi konkret kan trene på for å ha det bedre med oss selv.

Om du ikke fikk med deg foredraget, har Ann Helen og Helene fulgt opp mange av poengene hans i podcast-episoden som ble sluppet 19 oktober: Hvordan lede seg selv og andre med John Hammersmark. Du finner den på alle plattformer du hører podcast. 😊

A photograph of the interior of a car wash. The floor is red, and there are two large vertical brushes on either side of the car path. A blue promotional sign is overlaid on the right side of the image.

BILVASK
Få 5 vask til prisen av 3
Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash.
Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen.
Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso
Varhaug Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED



Håkon Varhaug held fram som leiar i Varhaug bondelag.

Etter årsmøtet i bondelaget 17. oktober, ser styret nå slik ut:

Håkon Varhaug	leiar
Grete Marie Ånestad	nestleiar
Jan Ove Hobberstad	sekretær
Andreas Røddland	Pr
Arild Helland	kasserar
Anita Otto	1. vara

Bygdadagen 4. november vart ein stor suksess med mykje folk, som kom for å sjå på Bygdahuset. Bondelaget har fått tilbakemeldingar på at folk sakna sal av grønsaker. Dette tek dei til etterretning, og skal gjera det betre ein annan gong.

Bondelaget vil gratulera Arvid Årdal med NM i Gjetarhund. – Flott med ein norgesmeister frå Varhaug! (og Varhaugbuen heng seg på gratulasjonen til bondelaget). Liv



UNDERGANGEN HAR NÅ VORTE FIN

Me har fått nye trappe m/sklikant, fancy golv og gode rekkverk både her og der. Lys har me og fått. Nå er det gildt å gå her. Men eg saknar «bilda» til Arnstein, for nå var det kome litt «skrabbel» på den ny-måla vegg. Ganske lite, men likevel..... Ikkje sikkert det har noko å seia, men eg meiner dei bilda, som var her før, var førebyggjande der dei hang, for det var så mange som hadde eigarskap i dei.

Det einaste som nå manglar, er at nytt skilt utanfor på aust. ikkje lett å sjå kva som står på det gamle; der grønska skjuler det meste? (Men det med skilt er kanskje ikkje kommunen sitt område?).

Liv

NÅ HAR SVEIN JARLE ÅBREKK KOME MED EI NY BOK

I Varhaugbuen nr. 4/20 skreiv eg om den første boka «Granitt-Gutta - Dronemysteriet».

Det må vera gildt for 7. klassane på Varhaug å ha lein lærar som og er forfattar. På biblioteket 8. november vart den siste boka hans lansert: «Granitt Gutta - Tik Tok-banden». Varhaugbuen var i godt selskap med mange elevar, som fekk høve til å stilla Svein Jarle spørsmål i høve boka. Sikkert ikkje ofte at ein lærar må svara på slike spørsmål frå elevane.

Fonna Forlag, som har gitt ut boka, var og representert ved Kjartan Helleve. Det var og høve til å få kjøpa boka, og i tillegg få den signert av Svein Jarle. Dette må vera ei gild julegåve for mange.

Varhaugbuen gratulerer med nok ei ungdomsbok på nynorsk. Stå på Svein Jarle, så kjem kanskje bok nummer 3 og! (?)

Liv



BRT - BIL, REDSKAP OG TRYGGHET

7. oktober arrangerte me BRT - Bil, Redskap og Trygghet. Dette er ei tevling der deltakerne går gjennom ulike oppgaver knyttet til bil, redskap og trygghet. Me lagte til vende grind med homming på fjøl, presisjonskjøring rundt ei tønne, laste sikring, dekkskift og sikkerhetsspørsmål.

Det var ett godt oppmøte og god stemning.

De tre vinnerne ble Ulrik Salte på første, Sindre Skretting på andre og Ole-Kristian Ødegård på tredje plass!

Jesper




**VARHAUG
hud & fotterapi**

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• **SERVICE** • **DELER**
• **REPRASJONER**

ABRØR

Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg

Tlf 48 50 97 80
post@abror.no



13.-15.oktober arrangerte Vestfold og Telemark Høstarrangement for Norges Bygdeungdomslag. Varhaug Bygdeungdomslag stilte sterkt i tevlingene og havna på pallen flere ganger!



Systrene Helle og Live Skretting fikk 2. og 3. plass i Bløtkakepynting!



De deltok også i tevlingen 5 om dagen der Live og Åvar Skretting med resterende lag fikk 1. plass, og Helle med sitt lag kom på 2. plass!



Birger Kvía Hobberstad stakk av med 2. plass i eksteriørbedømming av sau! I tillegg fikk han 3.plass i Handyman med laget sitt!



Me har og fått en varhaugsbu inn i sentralstyret til Norges Bygdeungdomslag. Karine Berge ble valgt inn på årsmøte i sommer som Bygdepolitisk nestleder! Det er tøft!



DET SKJER PÅ LERBREKK

Me hadde sundagskafé første søndag i september og oktober. Ca. 40 møtte kvar gong. Sidan Vennelaget styrer med kafeen på Kunst & Kult si utstilling siste helg i oktober blir det ingen sundagskafé i november eller desember. Me skal baka lefser den 22. november.

Mange sakna juletreffet i fjor. Så dette året vert det og **juletreff 4. juledag, den 28. desember kl. 17.00.** Sjå oppslag i Jærbladet og fjesboka når det nærmar seg.

Me satsar på sundagskafé på nyåret - 4. februar og 3. mars 2024. Elles har det også i år vore innom nokre busslaster på kaffi, lefse og gomme. Men ikkje så mange som i fjor.

Utleige til diverse selskap er det ein god del av. Vil du leige skulen, ta kontakt med Sigbjørn Varhaug på telefon: 970 53 731.

Brit

EIT LITT UVANLEG OKTOBERMØTE I BYGDEKVINNELAGET

I staden for å vera på Lensmannsløp, tok me tog til Bryne for å gå og eta på «Meir enn ei sjeva». Eg viste dette var i gamle kjøtbutikken til faster Lisa, og at det var ein litt spesiell kafe, men elles viste eg ingen ting. Trur me var 30 damer som i tillegg til god mat – store sjeve og sjokoladekake - fekk ein opplysende og interessant kveld. Sjefen sjølv, Linda, hadde ikkje høve til å koma. Men Geir Edland og ein annan veiledar, fortalte om verksemda «Frå offer til Kriger». Dette var så spesielt, at eg ynskte å formidla dette til lesarane av Varhaugbuen, og spurde om Linda ville skriva noko.

PS. Eg har seinare vore innom «Meir enn ei sjeva» på torget, og hatt lunsj; ei kjempestore sjeva og kaffi. Dette kan eg anbefala.

Liv



ISLANDSTUR

Då eg vart 80, fekk eg ei reisegåve frå Varhaugbuen. Då var meininga at eg skulle reisa til Island, og så gjera som pater Pollestad skriva «Mi Islandsferd».

Men så kom pandemien, reisebyrået på Bryne gjekk konkurs, så eg måtte berre bestilla ein tur. Og då vart det ein helgetur til Oslo, som eg har fortalt om tidlegare.

Men nå har eg vore på Island igjen, og det var faktisk 4.gongen. Første gongen var Hans og eg med på jubileumstur med Jærentreprenør. Andre gongen var både mor, Hans og eg saman med gamaldanslaget på Nærbø, og dei siste gongene har det vore ein opplagde tur med Ide-reiser og Anne Kari.

Eg har ein litt spesiell grunn til å reisa til Island. I 1935, då mor mi var 16 år, reiste ho til Reykjavik som hushjelp hos ein advokat. Men etter eit halvt år, hender noko trist. Advokaten døyr brått, berre 36 år. Då får mor ein ekstra «jobb» i tillegg til det vanlege husarbeidet. Ho får ansvaret for 2 små gutar, 4 og 6 år, mens mora, Frida, både må finna ein veg ut av sorga, i tillegg til å finna ut kva ho nå måtte gjera. Det offentlege systemet var ikkje slik i 1935, som nå.

Mor har fortalt meg at då dette hende, ynskte ho at ho hadde vore heime hos foreldra på Undheim. Men mor vart verande, for Frida trong hjelp. Og mor vart verande på Island i nærare 3 år.

Etter at mor var død, fann eg eit kort Frida hadde sendt henne i 1947:»Eg forstår forstår ikkje korleis eg skulle klart meg då Asgeir døde, om ikkje du hadde vore her då».

Så lenge Frida levde, brevveksla mor med henne. (Veldig gildt å ha islandske frimerke, ikkje mange som hadde det, då eg vaks opp).g Og etter den tid held eldste sonen, Eggert fram med helsingar fleire gonger i året

Eg møtte Eggert og Pall i 2003 - første gongen eg var på Island. Og så var Hans og eg tilbake, saman med mor i 2005, og eg aleine i 2013.

Nå var eg tilbake igjen for fjerde gong, og nå møtte eg berre Eggerert, som vart 94, i august. Palle budde i ein annan by, så han fekk eg ikkje møta, fekk berre ei helsing..

Tykkjer det er mest utruleg at eg har kontakt med «ungane» som mor mi passa på i 1935-38.



Mor med Pall og Eggert i 1936



Eggert og kona i 2023

Island er eit fasinerande land. Og sjølv om eg har vore der fleire gonger, vert eg alltid like fasinert av det heilt spesielle landskapet. Nå var eg på ein opplagde tur frå sundag til torsdag, men møtte Eggert og kona den dagen me hadde «fri», og kunne gjera kva me ville. Då var eg heime til lunsj hos dei, i det same huset som mor hadde jobba i. Me hadde ein køyretur ut til Nese, er besteforeldra il Eggert kom frå, og der mor og ungane var på sumarferie. Nå var den garden, som ikkje ligg så langt frå sentrum, lagt ut til bustadområde. Ikkje så ulikt som hos oss. Det staselege heimehuset var nå gjort om til museum, og der var me og innom då mor var med i 2005.

Kjem eg til å reisa til Island fleire gonger? Kven veit.

Liv



HÅ HAGELAG 50 ÅR

Torsdag 12. oktober var 65 feststemte hagefolk samla i Lensmannsløa for å feire at det er 50 år siden Hå Hagelag vart stifta. geir Egil Rosland ledet festen på en god måte.

Det blei et fint jubileum med kåseri av Sjur Håland om «Adelen på Jæren», og musikalske innslag fra Dag og Richard Madland fra Dag og stasjonsungane.

Gjestene fekk servert tapas og god marsipankake.

4 av våre medlemmer har vært med siden starten i 1973. Det var derfor en stor ære å få utnevne disse til æresmedlemmer av laget. 2 av æresmedlemmene, Reidar Vigrestad og Rannfrid Fitje Jessen var tilstades på festen. Dei 2 andre, Kari Dubland og Malena «Molla» Bratland hadde lovlig forfall, og vil bli hedra på julamøtet i november. Reidar Vigrestad var i tillegg med å stifte laget vårt.

Det var helsing fra Hageselskapet Rogaland ved Liv Todnem og det norske hageselskap ved Henry Tendenes.

Kvelden blei avslutta med åresalg med fine gevinster.

Takk til alle som var med å lage dette til en fin kveld.

Neste på programmet vårt er medlemsmøte i Lensmannsløa torsdag 11. januar og årsmøte torsdag 8. februar, følg oss på facebook for meir info.

May Helen

VB VoldenTollefsen

W Murmester
Waldeland & Dubland





HARDTRENING FOR SESONGEN 2024

Då var året på hell og Hå Pistolklubb er ferdig med alle planlagte stevner for i år. Nå er det bare å legge seg i hardtrening for sesongen 2024.

Der me håpe at ennå fleire av medlemmane tore ta steget å væra med på stevner også utanfor Hå pk sine egne. Dørstokkmila er som kjent ofte den vanskeligaste. Me trene ute på Refsland heila året så me har ei kald tid i møte med varmedresser og frosne fingrar. Men me smile og er glad for det, det er jo tross alt «grævla jillt på sjoding».

Sidan sist så har som nevnt tidligare Andreas Fuglestad vore med feltlandslaget og skutt Nordisk mesterskap i Danmark. Dette var ei vanskelig løypa sa han, men han likte utfordringa. Det var bl.a mange små blinkar, både bevegelige og faste. Korte tider og lange avstander.

Ellers var det som vi er kjent med her heime både stående ei hånd, to hender, sitjande, liggjande og knestående. Individuelt fekk han ein 8. plass og det norske feltlandlaget i klassen herrer fekk ein 2. plass. Alt i alt ein kjekk opplevelse for førstereis-gutten til nordisk, han var glad han takka ja og håper på gjentakelse.

23. september hadde Hå Pistolklubb 50 års jubileumsfest i lag med Time pk som og var 50 år og Sandnes pk som var reine ungdommen på 40 år. Me feira dette på HV huset på Bråstein, ein fest for alle pisrolskyttare i Rogaland. Dette var galgilt. Alltid kjekt å treffe kvarandre utenom på trening og stevner og.

Her hadde kretsleder i Rogaland Skytterkrets slått på stortromma og invitert presidenten i Norges Skytterforbund som var så snill og gav oss jubilarer eitt fint fat som gave, og av kresten fekk me pengegave som skulle brukast på rekruttering, så då valgte me i Hå og investera i ein flunk ny Walther GSP 500 i 22lr med lite grep, så spesielt retta for barn og unge. Og ikkje minst så diska han opp med grillmat fra Farstad Catering - trur ingen gjekk svoltne heim.

Liv Håland





ÅNESTAD SKULEHUS

Ånestad skulehus 1902 - 1960

Hå kommune - Widerøe - nr.62929. Dato - 5.september 1953 Flyfoto Widerøe

I august var det 70 år sidan eg begynte i første klasse på Ånestad skule saman med 21 andre frå same krinsen. I høve dette måtte me jubilera og feira med klassesamling hjå Jan Varhaug. Me var 16 som kom saman og hadde ein gild ettermiddag saman. Tre er døde, og tre kunne av ulike grunnar ikkje vera med på treffet. Einar Reime hadde skreve song til jubileet. Han hadde hatt kontakt med arkivet i Rogaland og funne ut at me starta den 17. august 1953. Og tredje skuledagen var me i kyrkja på skulegudsteneste.

Sjølv hugsar eg lite frå første klasse, men skulehuset på Ånestad ser eg for meg. Me har ofte snakka om at det skulle vore gildt med eit bilete av skulen. Einar Reime greidde ved hjelp av arkivet også å få tak i eit godt bilete av skulen.

Med litt detektivarbeid har me funne ut at skulen var bygd i 1902 (Norges bebyggelse). Kor lenge stod den etter at nye skulen på Varhaug kom i 1958?

Dette har me fått frå Arkiv i Rogaland: «Varhaug Gutelag prøvde i 1958-1959 å overta Ånestad skulehus, men fikk avslag. Istedenfor vedtok formannskapet i juni 1960 å selge huset på auksjon. Fullmakten ble gitt av heradstyret i mai 1960. 9. august 1960

kunne Lensmannen i Hå via Jærbladet melde om auksjon 12.august i forbindelse med nedrivning. 26. august stod det i Jærbladet at skolehuset var solgt til nedrivning for 1100 kr. Hvem som stod for rivingen, og hvilken måned eller dag, finnes det muligens dokumentasjon på i lensmannsarkivet, men ifølge sak 136 i formannskapet den 13.juni 1960 måtte kjøperen «ryddiggjera tomta» innen en måned. Jeg kan altså ikke si det sikkert, men det er vel grunn til å tro at rivingen fant sted i september 1960 eller i alle fall høsten samme året.»

I følge opplysning frå Oddvar Ånestad var det Asbjørn Josefsen Ånestad som kjøpte skulen for kr 1100.

Ånestad barneforening hadde alltid basaren på skulehuset så lenge det stod. Det er ganske mange som har lært å lesa, skriva og rekna på dette skulehuset frå 1902 til 1958. Mange varhaugbuar har foreldre, besteforeldre eller oldeforeldre så har gått på Ånestad skule. Ingen gjekk i barnehage på den tida, men det vart folk av oss like vel. Heilt utruleg, vil vel mange tenkje i dag.

Brit Obrestad

KLASSETREFF - 70 ÅRS JUBILEUM

Mel: Se Norges blomsterdal

Den syttende august
var første skoledagen just
i nitten femti tri
vi aldrende må si:
Tenk hele sytti år.
si første skoledagen vår
vi tenker vel som så;
det er ei å forstå.

Det var vel enkle kår
vi fikk på skolestarten vår;
ett klasserom var alt,
som «jese» var og kaldt.
Ja, «Ånest skule» stod;
på utmark og med utedo,
en minneverdig tid
i dag vi vel kan si.

Vår første skoledag
erindringen om den er vag,
men husker lite grann
hvis hodet er i stand.
Men tredje skoledag;
til kirken klassen dro i lag,
sånt i arkivet står
om skolestarten vår.

En gjeng fikk drosjeskyss
til skolen, for et «gavedryss»
nok mange tenkte da;
for oss var skyssen bra.
Og drosje-Anton ja,
han var en mann som aldri sa
at nå er drosjen full
for han var sånt snakk tull.

På disse sytti år
fra selve skolestarten vår
har mangt utviklet seg
til bedre i en fei.
Men i vår barndomstid;
vi levde godt vi trygt kan si
med livet slik det var
i dag en påstand rar?

Til slutt en takk til de
som ser det som en stor verdi
å atter samles her
få møte fjern og nær.
Vi ønsker alle godt,
men åra gjør at ting går trått
med selve kroppen vår,
med sånt vi lite rår.

Einar Reime

MAMILLA ER TRE ÅR

Mamilla gjenbruk i Stueland-bygget fylte tre år den 21. november. Dette vart markert med skikkeleg langdag torsdag 23. november. Då var butikken open frå 1100 til 2100!

Det var både servering, kulturinnslag, auksjon og andre innslag utover ettermiddagen og kvelden. Både den dagen og dei to etterpå var det knalltilbod i butikken.

I haust har me også teke til med noko nytt: Månadens gjenstand. Det er ei enkelt vare, stor eller liten, som er vald ut, og som kundane kan by på gjennom ein heil månad. Første gjenstand (i oktober) var eit maleri av Odd Dubland. Gjenstand for november og desember er ikkje plukka ut i skrivande stund. Men kom innom og sjå - og gje bud!

Mamilla gjenbruk opna 21. november 2020, eit halvt års tid etter at pandemien var eit faktum. Det var eit aldri så lite kvardagsmirakel at det let seg gjera, slik tidene var då. Det er Den Norske Israelsmisjon som eig og driv butikken. Borgny Ånestad Skretting er dagleg leiar.

Ein ivrig stab av frivillige driv butikken. Dei kjem frå Sirevåg, Vigrestad, Varhaug, Nærbø, Lye, Bryne og Randaberg. Men det er plass og behov for fleire. Ta kontakt om du vil verta medarbeidar.

Mamilla gjenbruk er ein butikk for meir enn Varhaug-bygda. Kundane kjem frå store deler av Jæren og fylket elles. Ofte gjev dei oss ros for at me har mykje fint for sal, og at varene er utstilte på ein kunstnerisk måte. Me håper også at kundane opplever at det er god service, og at det er triveleg å koma innom.

Paul Odland

Lørdag 16. desember kl. 12.00 er det grøt på Mamilla



NM I KJØTPRODUKT

Varhaugbuen gratulerer slaktarbutikken R. Skretting med sølv for pinnekjøttet og bronse for karbonadene. Flott!

KORTREIST KONSERT 29.09.23

Hva er mer naturlig når vi starter sesongen med Kultur i Løå, enn å starte med en kortreist konsert? Billettene ble utsolgt på et øyeblikk, så det tar vi som et tegn på at folk er klare for kortreiste arrangement!

Jarle Obrestad åpnet konserten, og visa «Kæ helde du på med», som handler om dere menn som lurer på hva som skjer inne på badet når vi damer skal inn og stelle oss, for vi kommer jo aldri ut igjen;

Men så kjæme du -
Ja, så kjæme du, alligavel.
Og du æ så fjonge.
Du æ så utruligt fine i kveld.
Du må bara gløyma alt eg sa.
Du æ det einaste æg vil ha.

Tror ikke mange andre en Helge Torvund kunne skrevet denne treffende teksten, som Jarle fremførte så glimrende.

Visste du forresten at Jarle Obrestad, slapp et nytt album i mars -23; «Ude Eller Inne», og fikk terningkast 6?

Så var det Generalforsamling sin tur, en ekta Varhaugsbu, med sin markante mørke stemme! Han var innom det meste som vi på Varhaug kjenner oss igjen i; sprengde postkasser, daue katta, knuste vindu på handelslaget, og kunå så he gløymt hu he våre kalv. Dette, ispedd kosele drøs og selvironi, lykkes han atter en gang med!

Dag & Stasjonsungane avsluttet konserten, og var like fornøylig som alltid! Dag sin fortreffelige måte å beskrive oppveksten på Odland, livet på Jæren på 70 og 80 tallet, gav oss en «good feeling» følelse. Lystige viser med bla.. Austanom Løå, Henta steidn og Mor he forening; viser som alltid gir god stemning

Alt i alt; en gild kveld i lag med dyktige artister, gjester som kosa seg; ja, kan vel oppsummere med at når Generalforsamling sa at «dette æ på grenså te gildt», ja, da har det vært en vellykket og gild kveld!

Velkommen til Julekonsert; Him te Jul med Vidar Johnsen

21.desember 2023 kl. 19.00 Billetter fås kjøpt på Linticket.

Arrangementskomiteen



HAUSTFEST I SVALA 4H



Svala 4H sin haustfest er undergjort får i år. En veldig kjekke fest med underholdning, fine taler, imponerende prosjekter, god mat og masse god drøps.

I tillegg har Åvar Skretting som den einaste fått plaketten i år.

Gratulerer og vell ferdigt med 9 år i 4H.

Live



UTRULEG MANGE SPENNANDE OPPGÅVE Å VELJA I 4H

Alle våre 4 ungar har vore med i 4H, så eg har vore gjennom ymse oppgåveval, mas om å få plakataner ferdig og ikkje minst spørsmål om kva dei skulle ta med på utstillinga. Det var ikkje alltid like lett å prøva å koma med gode råd, dei gjorde som dei ville likevel.

Nå er dette lenge sidan, men eg har likevel, som redaktør i Varhaugbuen, fått høve til å fylgja med i arbeidet til Svala 4H. Og eg vert alltid invitert med på festen. Dette set eg pris på.

Det som imponerer meg mest, er det utruleg store spekteret det er på oppgåveval. Her treng ingen seia: »Det er ikkje noko som passar meg»; Her er

det berre å velja mellom fotografen, mat, fjelltur, hund, form og fantasi, sau, trearbeid, syng, kanin, sova ute, mat og helse, matlaging er gøy, friluftsliv, bakaren, mat på bål, heilårs-bading, turgåing, dans, kylling, design og re-design, ski, oppussing og design, min konfirmasjon, trivselagent, badminton, førstehjelp og folkehjelp, lett.MC, dommar, gitar, ungdomsbedrift, litteratur, sveis, glede for eldre, avløyser, vårvinne og slått, og klattring.

For eit vell av oppgåver! Og for nokre gilde utstillingar det var! Takk for ein gild fest, der eg var heldig og fekk gevinst under utlodninga. Liv



RYDD OPP ETTER DEG!

Her ein dag låg desse hundelortane utanfor butikken til Skretting. Den eine var ganske fersk, mens den andre var litt eldre. Det kan mest sjå ut som om hundeeigaren luftar hunden på same stad kvar dag utanfor butikken midt i sentrum, og utan å rydda opp etter seg. At det går an! Eg gjekk og sa frå til Reidar, som måtte ut å rydda opp. Skam deg hundeeigar, dette går ikkje an!

Me har ein dyktig ryddegjeng, som er ute den første onsdag i månaden, og får vekk graps rundt forbi i sentrum. Men vind og ver flyttar mykje på ting i løpet av ein månad. Difor er det alltid eit eller anna som er der det ikkje burde vera.

Då er det greitt når du ser dette, berre tek det med deg og i søpla. Det treng ikkje alltid ligga å venta på ryddegjengen. Liv



Fra offer til kriger

Fra Offer til Kriger er et ideelt AS og sosialt entreprenørskap etablert av Linda Øye i 2014. Selskapet har et tilbud som hun selv savnet etter bedring etter lang psykisk sykdom. Det var ikke hennes psykiske lidelse som var det største hinderet for å reise seg igjen, men at hun hadde gått inn i offerrollen.

Konseptet vårt går ut på å snu tankegangen fra offer til kriger. Selskapet driver arbeidsforberedende trening for unge mellom 18 og 30 år, som har psykiske utfordringer. Ved å sette i gang ulike prosjekter basert på krigernes interesseområder, bygges mentale muskler, mestring og tilhørighet. Fokus er på hva den enkelte kan.

Hva oppleves som utfordrende med å ansette noen med psykiske lidelser?

Våre krigere er fra kommunene i Sør-Rogaland, og kommer via NAV. De er i alderen 18-30 år. De har psykiske plager og har ofte sittet isolert. Vi har mange «lave stemmer», som andre tiltaksarrangører ofte ikke vet hvordan de skal møte. Til tross for dette hadde vi 75% tilbake til skole/arbeid siste kvartal 2021, og første halvår 2022 var resultatet 70%.

Vårt produkt er å få krigerne til å tro på seg selv og være trygge nok til å jobbe i en bedrift, uten tilrettelegging.

Hele vårt tilbud er bygget opp etter undersøkelser hos arbeidsgivere. Vi lytter til hva bedrifter opplever som utfordrende med å ansette mennesker med psykiske problemer. Arbeidsgiverne beskriver det gjerne som vanskelig å måtte ta så mye hensyn. De er usikre og redde for å gjøre feil. Noen har sågar følt at de har måttet ansette en psykolog for å kunne gi skikkelig oppfølging.

Vi systematiserer alle tilbakemeldinger fra arbeidsgiverne og konsentrerer oss om å jobbe med å fjerne det som blir beskrevet som problematisk og utfordrende, for eksempel «snakket kun om sine begrensninger og sin bagasje», «gjemte seg i mobilen», «uteble uten beskjed» og «klarte ikke å møte i kantine/lunsj».

Vi har 2 arbeidssteder:

Verkstedet på Orstad:

BÅDE PRAKTISK OG SOSIALT

Verkstedet vårt på Orstad ligger idyllisk til på Orstadtoppen ved Kalbergskogen. Her har vi et stort uteområde til rådighet i tillegg til innendørs fasiliteter.

Vi har laget til en del soner på uteområdet med blant annet grillplass, Ja/nei-benk, og pausesteder med benker. Her har vi også mulighet til sommerlige aktiviteter som kan gå inn under vedlikehold, som f.eks. trimming av gress og trær, klipping av hekk, vedlikehold av gjerder og utemøbler osv. I tillegg bruker vi grillplassen selv om sommeren. Det er også dyr som skal mates, deriblant sauer og griser.

Inne i låvebygget har vi vårt treverksted. Der lager vi benker, fuglekasser, blomsterkasser og en rekke andre treprodukter.

Vi har også et sveiseverksted hvor vi sveiser skrapmetall og andre prosjekter i stål.

Kafeen Meir enn ei Skjeva på Bryne:

I kaféen vår «Meir enn ei skjeva» på Bryne torg serverer vi i hovedsak smørbrød, kaker, kaffe, te og brus.

For oss er kafédrift et verktøy som særlig er effektivt for å bearbeide og få kontroll på sosial angst. Vi ser at i vår målgruppe er det nettopp sosial angst, skam, følelse av annerledeshet og mislykkethet som er de største utfordringene for å fungere i skole og arbeid.

Vi jobber etter recoverymetoden og har gode resultater med å fokusere på å bygge mentale muskler hos våre krigere, samt å spille hverandre gode.

Linda Øye

GÅTUR I STAVANGER



9 damer reiste på bytur i dag. Turen gikk først til Vålandstårnet der vi kunne se «hele byen». Etterpå var vi på Valbergtårnet med innlagt matpause.

Vi slutta av turen med en runde i Gamle Stavanger. Været var mildt, godt og med mange gløtt av sol.

Kom å bli med og gå i det tempo som passer deg.

Judith





KUNST & KULT 2023

Tradisjonen tru, så hadde Kunst & Kult si utstilling siste helg i oktober.

Nå når me går inn i den mørkaste årstida kan det vera kjekt å gå på utstilling og sjå noko fint. Dei rigga seg til på fredagen med det meste. Laurdag, rett før dei opna, var spenninga der; - kjem det folk? Blir det mange, blir det sal? Her var mange utstillarar: Viola Krans, Bakka Smykker, PalleKarma, Mary's Vev, Klara Pil, Stavanger Glassblåseri, Keramikereren, Såpe-kjøkkenet og Nina Filtmaker. Vennelaget hadde rigga seg til med kafé i lærarbustaden, og det vart steika lappar i eldhuset. Varm og god lauksuppe, kaffi, lappar og kaker gjekk unna. Det kom meir folk dette året enn i fjor. Mest var det nok på laurdagen. Litt mindre søndag. Dei var fornøgde med salet.

Viola Krans drog på smilebandet då eg søndag spurde korleis det hadde gått. Ho hadde rigga seg til i vedskjulet med masse fine kransar og anna pynteting. - Eg hadde besøk av mus natt til laurdag. Dei hadde funne delikatesser i nokre kransar. Eg oppdaga plutselig masse muselort og måtte kaste nokre. Kunne ikkje risikere at kundar som kjøpte kransar oppdaga muselort og kjende lukt av

musetiss då dei kom heim. Sigbjørn sette opp to musefeller på laurdag. Han fekk fangst i begge både laurdag kveld og søndag morgon. Trass i mysene så hadde ho hatt godt sal på laurdagen.

Elles var det berre godlyd å høyre frå utstillarane. Nokre var med for første gong og var så fasinerte av skulen og plassen. - Her er alt lagt til rette når me kjem. Her er reint og fint, så det er berre å setje i gang med å plassere tinga våre. Nokre stader som me kjem må me tørke vekk daude fluer i vinduskarmane og flytte på tunge møbler. Slikt treng me ikkje tenkje på her. Alt er berre topp, ikkje minst miljøet. Heile atmosfæren gjer at me får lyst å koma attende.

To som må nemnast spesielt er Per Egil Dubland og Oddvar Hobberstad. Dei ordna med oppvasken for første gong i fjor. Dette var så gildt at dei melde seg frivillig i år. Og dei hadde sagt til utstillarane at dei var nøydd til å koma att med ny utstilling neste år, for det var så gildt å ordne med oppvasken. Dei storkosa seg saman. Så då er det berre å kryssa av siste helg i oktober 2024.

Brit Obrestad



ØNSKER DU EN 17. MAI FEST PÅ LENSMANNSLØA?

Det er dessverre ikke laget noen planer om dette i 2024. Det vi lurte på er om det er noen der ute som vil være med i en komite og stå for 17. mai arrangement. Tenker du , ja dette er noe for meg, nøl ikke med å ta kontakt med Astrid Skretting på telefon 480 48 753 eller på Mail: ast-skr@online.no

Hilsen styret i lensmannsløa

ODDVAR ÅNESTAD - 80 ÅR

Ein av dei som har vore med heilt frå starten med å køyra rundt med Varhaugbuen i postkassane, er Oddvar Ånestad.

16. november vart han feira og heidra med dagen med nærare 100 gjeste i idrettshuset på Iden. Eg møtte frå Varhaugbuen, og Oddvar fekk ei lita påskjøning frå styret, for arbeidet han har gjort for bladet.

Av helsemessige årsaker, har Oddvar nå «pensjonert» seg frå denne jobben. Men før han slutta, skaffa han oss ein ny mann til å ta same ruta. Varhaugbuen vil her takka deg for jobben du har gjort. Liv



Monica Mørk Aase

Avdelingsleder Hå /
Eiendomsmegler MNEF

e: monica.aase@em1sr.no
t: 941 33 858

Charlotte Ødegård

Eiendomsmegler MNEF

e: charlotte.odegard@em1sr.no
t: 475 01 015

Oppskriften på et godt boligsalg?

Erfarne meglere som
kjenner nabolaget ditt.

Når du skal selge er det lurt
å velge en solid megler.
Hos oss får du kompetanse
og lang erfaring.

Kontakt oss i dag om du
vurderer å selge bolig i Hå!

EiendomsMegler **1**
JÆRMEGLEREN

ER IKKJE HÅ NYNORSKKOMMUNE?

I praksis er Hå ein av dei største nynorsk-kommunane i landet viss me ser på kor mykje nynorsk som blir brukt. Nynorsk blir brukt av nesten 3000 elevar i grunnskulen og kommuneadministrasjonen og kyrkja brukar nynorsk for å nemna noko. Nynorsken står altså sterkt i Hå.


Då er det eit paradoks at Hå har valt å vera registrert som språknøytral kommune. I Hå Mållag føreslår me difor at kommunestyret vedtek at Hå registrerer seg med nynorsk som tenestemål, noko som vil vera i samsvar med dei faktiske språkforholda. Det inneber då at alle statsorgan blir forplikta til å kommunisera med Hå kommune på nynorsk.

Skal då alle innbyggjarar i Hå tvingast til å bruka meir nynorsk? Svaret på det er eit heilt klart nei. Alle skal ha same fridomen som me har i dag. Det er kommunikasjonen frå stat til kommune som skal skje på nynorsk. Ved å gjera eit slikt vedtak, kjem me på linje med dei andre jærkommunane, Time og Klepp, som og er registrert som nynorskkommunar. Hå er allereie med i landssamanslutninga for nynorskkommunar, så ei registreringsendring er då heilt naturleg.

Så kan det å registrera seg som nynorskkommune vera utgangspunkt for eit fornya fokus på nynorsk språk i kommunen. På nokre område trengst det. Det er til dømes ikkje god samanheng mellom barnehage og skule på språkområdet. For at elevane skal få best mogeleg språkleg utvikling, bør kommunen ha ein plan for å introdusera ungane våre for nynorsk språkstimulering og litteratur i barnehagane ved å lese for ungane, syngje songar saman med dei og lære dei rim og regler på nynorsk og dialekt. Slik vil ungane både få med seg viktige kulturuttrykk og bli betre førebudd på å bruka nynorsk i grunnskulen.

Å bli nynorskkommune vil vidare vera ei god støtte til den lokale tradisjonen og kulturen. Språk og identitet heng tett saman, og på Jæren har me lang tradisjon for å bruka nynorsk. I dag har bokmålet ein dominerande plass i samfunnet vårt, og å bli nynorskkommune kan då gi støtte til å halda fast ved nynorsken som ein sjølvstendig del av tradisjonen vår.

Å bli nynorskkommune vil og vera ei sterk støtte til alle, både kommunar og einskildmenneske som dagleg brukar nynorsk. Som det minste skriftspråket



Helge Torvund

treng nynorsken folk og kommunar som vil fremja skriftspråket for at det skal bli reell jamstilling mellom bokmål og nynorsk.

Me i Hå Mållag føreslår altså at politikarane våre skal gå inn for at Hå skal gå frå å vera registrert som språknøytral til å bli nynorskkommune. Det er den naturlege konsekvensen av kor utbreidd nynorsk allereie er i kommunen vår og ei viktig støtte for dei nesten 3000 elevane våre som brukar nynorsk.

Arne Reidar Hæåk
leiar i Hå Mållag

JÆRSK PÅ JÆRSK



Jarle Obrestad

Tysdag 17. oktober arrangerte Hå mållag i samarbeid med biblioteket på Ognå kulturkveld med tittelen «Jærsk på jærsk». Helge Torvund las dikt frå fleire av diktsamlingane og Jarle Obrestad song tekster av Torvund. Dei klarte med innsлага sine å nå inn til dei mellom 70 og 80 som hadde tatt turen til Ognå bibliotek denne haustkvelden. Det blei ein ekte jærkveld med to av våre store kulturpersonar.

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

10. februar 2024

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

- Varhaugbuen vil gratulera
- ungdomskonsulent i Hå,
- Anette Jensen Gimre med
- prisen dei fekk som
- «Årets Ungdomsklubb 2023».





Datahjelpen.IT as

Vesthagen 2, Bryne
Åpent hverdager 8-17.00

**Datahjelpen
hjem på døren**

**til bedrift og
private kunder**

Skitten PC?

Vi rengjør på stedet, bytter vifter ved behov



**Unngå varmgang og driftstopp!
Bestill SERVICE i dag**

☎ 51485000 🌐 www.datahjelpen.it



**Bonde
Kompaniet**
Varhaug



Forebygg
pipebrann

Sotfjerner til piperens

560 g, 14 poser Liten 1 kg pulver
159,- **79,-**
(189,-) (99,-)

Vedstabler i stål

Liten
499,-
(699,-)

Medium
599,-
(799,-)



Vedkurv i lær

399,-
(599,-)



**Weenaas
Varmedress**

Refleksdetaljer
Slitesterk
Vattert fôr

999,-



Varhaug, tlf: 51 77 14 70
Mandag-fredag: 8-17, lørdag: 9-14
Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no



Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899